



Tre uskedelingar som tok avskil med Hilde: Frå venstre står Bente Halvorsen, Malin Bakke Eik og Karsten Andre Haugland. (Foto: Magnhild Haugland)

**Dei 200 unge dansarane var glade, men samstundes triste etter den flotte danseframсыninga «Untitled» i Kulturhuset Husnes. For no reiser den populære danselæraren, Hilde Bjørnebøle, frå kommunen, til stor sorg for mange av elevane hennar.**

**Også frå Uskedalen var det fleire elevar som var med i framсыninga.**

– Du er verdas beste danselærar. Eg vil ikkje byta danselærar, sa ei av dansarane etter dei to flotte forestillingane i Kulturhuset Husnes laurdag.

200 dansarar imponerte og sjarmerte dei nesten 600 publikummarane rett i senk. Det var rett og slett ei strålende framсыning. Og det meste av æra for det, skal Hilde Bjørnebøle ha. Men ho sender rosa tilbake til dansarane.

– Eg er så stolt av dansarane mine i dag at eg stod bak scena og grein. Heilt fantastiske var dei. Eg var nervøs før forestillinga, men det var det ingen grunn til. Alt gjekk på skinner, seier Hilde Bjørnebøle til Kvinnheringen.

Etter ein velfortent sommarferie, reiser ho til Oslo og buset seg der. Det var litt av ei avskjedsgåve ho serverte publikum